

KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY

NR. 3 • JUNI 2017 • 42. ÅRGANG

Vårens vakraste

Biletet over er av Hosanger-konfirmantane. Sjå biletet av alle konfirmantane inne i bladet. Side 22-23



Slåttonn på gravplassane

Side 5



Gåvebok om Bruvik-kyrkja

Side 6



Blir døveprest

Side 2-3

KYRKJENE PÅ OSTERØY: TILSETTE / RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret ved Rådhuset: Åpen alle dager;
mandag til fredag, kl. 8.30-14.30.

Tlf. 56 19 22 80

Epost: kyrkje@osteroy.kommune.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Tilsette:

Kyrkjeverje Edvin Bratli ,
tlf. 56 19 22 80 / mobil 980 67 960

Sokneprest Tom Sverre Tomren
tlf. 56 19 22 82 / mobil 900 49 696

Sokneprest Inge Sørheim
tlf. 56 19 22 83 / mobil 906 20 046

Seniorprest Arvid Fosse, tlf. 41652363

Prestvikar Håkon Kinsarvik
Tlf. 56 19 22 82 / mobil 976 44 169

Organist Per Inge Hove
tlf. 56 19 22 93 / mobil 976 57 481

Organist Baard Eikaas
tlf. 56 19 22 84 / mobil 936 72 224

Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad
tlf. 56 19 22 85 / mobil 480 95 658

Kontormedarbeidar Ruth Hauge
tlf. 56 19 22 86

Soknerådsleiarane for 2015 - 2019

Jenny Eikeland (Hamre)
Wenche Fiskeseth (Bruvik)
Geir Atle Mjelde (Haus)
Jan Hanstvedt (Hosanger)
Reidun Vevle (Gjerstad)

KYRKJEHELING

Kyrkjelydsblad for Bruvik sokn, Gjerstad sokn,
Hamre sokn, Haus sokn og Hosanger sokn.

Stoff til neste nummer kan sendast til :
kyrkje@osteroy.kommune.no

Kontakt for Kyrkjehelsing: Edvin Bratli.

Blad nr. 4 - 2017 kjem ut torsdag 14. september.
Frist for levering av stoff er: Fredag 18. august.
Redaksjonen avsluttast: Fredag 25. august.

Layout og trykk: Molvik Grafisk



Sluttar som sokneprest

Inge Sørheim har no takka ja til soknepreststillinga i Døves menighet, Bergen. Frå midten av august set han seg på skulebenken for å læra teiknspråk. Ti år som prest på Osterøy er med dette over.

AV EDVIN BRATLI

I januar 2007 kom Inge Sørheim til Osterøy og busette seg i Hosanger. Han kom frå Sogndal, der han hadde vore prostiprest i Indre Sogn prosti. Han er opprinneleg frå Fjell, og dette var ein stad nærare byen og familien.

I utlysinga var det óg skrive litt om at det skulle vere eit stort fokus på ungdomsarbeid i stillinga og mykje ansvar for konfirmantane. Saman



BLIR NY DØVEPREST I BERGEN: – Stillinga som døveprest har eg tenkt på mange gonger. Den har freista. No blei den lyst ut. Eg søkte og fekk han. Den vil gje meg nye utfordringar og oppgåver, seier Inge Sørheim.

med at prestebustaden ligg idyllisk til ved fjorden i Hosanger, blei dette dei viktigaste grunnane for både Sørheim og familien hans.

Debuterte med eigen barnedåp

– Kva minnest du best frå den første tida her?
– Den første gudstenesta i Hosanger 4. februar i 2007 blei spesiell. Då fekk eg døype mitt eige barn. Merethe var berre eit halvt år då vi kom hit.

I starten på tenesta arbeidde han mykje med tilbod for ungdom, og Sørheim hugsar «Ungdomens julefest» med glede. Det blei ein del tilstellingar den første tida, men etter kvart tok sokneprest- og kyrkjelydspresteoppgåvene meir og meir av tida.

– Arbeidsdelinga prestane imellom har endra seg etter at eg starta i stillinga. Eg gjekk inn i teneste i Hamre og Hosanger, og fekk ansvaret for alle gudstenestene og kyrkjelege handlingar i desse to sokna. No har vi prestar kvar vår tenesteveke, og tek dei gravferdene og vigslane som kjem.

– Korleis har du opplevd tenesta som prest på Osterøy?
– Det har vore ti fantastiske år. Eg har hatt det godt, og har trivst betre og betre i jobben. Eg kjem til å kjenne sorg over å gå ut av dette arbeidet, og kjem til å sakne dei gode medarbeidarane og alle dei flotte menneska rundt i sokna.

– Alle møta med menneske i ulike samanhengar har sett djupe spor og gitt meg mykje glede. Eg har prøvd å vere ein folkekyrkjeprest. Ein som vil møte folk med respekt, uansett kor dei står i kyrkjelandskapet eller om dei tenkjer at dei står utanfor. Det er fint å kunne vere ein samtalepartner med så mange ulike menneske, som eg har møtt, seier han.

– Eg ber med meg minna om mange av gravferdene eg har hatt. Særleg om det har vore unge menneske som har gått bort. For meg har ikkje gravferder blitt rutinearbeid. Alle er ulike, og eg vil gjerne vere heilt og fullt tilstade saman med dei sørgjande, i kvar gravferd.

Gode minner frå Osterøy

Han har også mange gode minner frå gudstenestene. Å to gonger ha med 100-åringar i gudstenesta og feire at det er 100 år sidan dei blei døypt, har gjort usletteleg inntrykk. Å feire gudsteneste med barnedåp om bord på ferga «Ole Bull», er noko han heller ikkje kjem til å gløyme. Ellers har konfirmentarbeidet vore og er ei stor oppgåve for presten.
– Arbeidet med konfirmentane og møta med foreldre er med på å skape arbeidsglede for meg. Eg opplever det meningsfullt.

– Er det andre ting du vil trekkje fram?
– Då må eg kanskje nemne satsinga på konsertar som Hosanger sokneråd har hatt i fleire år. Kyrkja er blitt kjend som konsertkyrkja. Eg har og hatt stor glede og nytte av dyktige medarbeidarar i desse åra eg har arbeidd her. Samarbeidet med prestane Johannes Melve og Tom Sverre Tomren har vore godt. Vi har hatt ei god arbeidsdeling.

– Eit av dei tema eg har vore oppteken av, og opplever at eg har lukkast litt med, er å knyte band mellom bedehusfolket

og folkekyrkjemedlemmane. Eg vil vise at kyrkja er open for alle. Alle skal føle seg velkomen i kyrkja. Den skal vere samlingsstaden vår. Å ha respekt for andre menneske og deira meiningar og ståstader er viktig. Med respekt kan ein skape eit større fellesskap.

Søndag 3. september blir det avskjedsgudsteneste i Hosanger kyrkje for sokneprest Inge Sørheim og kantor Per Inge Hove. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi. Prost Øystein Skaug og Helle Maria Wolstad deltek. Alle er velkomne!

Ny prest på plass frå august

Helle Maria Wolstad går inn i eit årsvikariat etter Inge Sørheim, som sluttar i august. Ho kjem frå stilling som prest i 1. Metodistkirke i Fyllingsdalen, der ho har arbeidd dei siste fire åra.

Helle Maria blei ordinert til prest i 1990, og har mellom anna arbeidd 12 år i Kirkens Bymisjon i Oslo og Kirkens SOS. Vi kjem tilbake med eit meir utfyllande intervju i neste nummer av bladet. Ein fast prestestilling vil bli lyst ut i byrjinga av 2018.



Kyrkjeskyss Gjerstad og Hamre

Treng du skyss til gudstenestene? No kan du ringe og bli henta og køyrd heim att. Både Gjerstad og Hamre har tilbod om slik ordning.

- **Til Gjerstad kyrkje:** Ta kontakt med Reidun Vevle: tlf. 41087025 eller Kari Vevle Reigstad: tlf. 48136076
- **Til Hamre kyrkje:** Ta kontakt med Kjellaug Birkeland, tlf. 41680522 eller Bent-Are Mjelstad tlf. 48198729

Ein livsglad vorkveld

Ei fullsett Bruvik kyrkje fekk ein times gledestund på jord med nevrologen og leiaren av hypokonderklinikken, som gjerne siterte både Jesus og kongen for å få fram bodskapen sin.

AV INGER ELISABETH HAAVET



SLAPP LIVSGLEDA LAUS: Til å framheve og utfylle oppfordringa om å sleppe livsgleda laus, hadde legen med kona si, den kenyanske songaren Rhoda Ondeng Wilhelmsen, som song negro spirituals og løfta heile «kyrkjelyden» inn i songen til avslutning.

Med friske sitat frå Bergpreika krydra Ingvar Wilhelmsen føredraget sitt om helseangst og livsglede i Bruvik kyrkje 24. april.

– Vær ikke bekymret! Uansett hvor mye du bekymrer deg, kan du ikke legge en halvmeter til livslengden din!, oppmoda han.

Og om nokon skulle tru at Bibelen befalte at kvar ei gledestund på jord skulle betalast med sorg, kunne doktoren opplyse om at dette faktisk var løgn og forbanna dikt - av Bjørn-stjerne Bjørnson, i skodespelet om Maria Stuart.

Wilhelmsen framsto som ein standup-komikar med meining, og med ein bodskap godt fundert i både legevitenskap og den heilage skrift. Latteren sat laust i kyrkja denne kvelden, og mange fekk eit minne for livet og ein god

porsjon nyttige tankar med på vegen. Som at ein er frisk til det motsette er bevist, jamfør Kongen.

Helseangst er ingen spøk. Ingvar Wilhelmsen har gjennom mange års terapeutisk arbeid møtt menneske som har fått livet styrt av otta for sjukdom. Menneske som har vore hemma i livsutfaldinga si av førehandsreglar og grensesetting mot alt som kan vere farleg eller vere teikn på sjukdom. Men er det slik at det er betre å vere pessimist, for då blir ein ikkje skuffa? – Men om du ikkje vert sjuk - skal du vere skuffa då?, spurde Wilhelmsen retorisk.

Ved å snu om på alle dei daglegdagse negative tankane menneske kan ha, vart irrasjonell frykt kledd naken og framstilt som nettopp irrasjonell denne kvelden i Bruvik-kyrkja.

I ei tid då verkeleg sjukdom ofte både kan lækjast, og vi i vårt velferdssamfunn reknar med at eit helseapparat står til disposisjon for oss, burde det ikkje vere mykje rom for angst og magisk overtru. Men vi engstar oss, kanskje meir enn nokon gong. Er det forventninga om perfekte liv som set oss slik på vakt? «La kvar dag ha nok med si eiga plage» sa Jesus i Bergpreika (Matt. 6.34) - og det var vel og essensen i hypokonderlegen Wilhelmsens bodskap.

Ingvar Wilhelmsen trekkjer folk, han er ein populær føredragshaldar. Gjennom dette arrangementet fekk Bruvik-kyrkja vist seg fram i nypussa skrud for 200 menneskje. Nyleg feira kyrkja sitt 150-årsjubileum med eiga sogebok, festgudsteneste og festleg samvær for fullsett sal. Denne måndagskvelden opna kyrkjevevje Edvin Bratli møtet med å fortelje litt frå kyrkja si historie, frå den fyrste stavkyrkja på Bruvikneset på 1200-talet til den kvite perla som ligg der i dag, omgitt av velstelt kyrkjegard, prestanaust og vakker natur. Slik vart kvelden ei totaloppleving for dei som hadde funne den smale vegen til Bruvik.

Frammøtet på norske gudstenester er i tilbakegang, seier statistikken. Men kanskje kan vi med våre vakre kyrkjer finne nye måtar å samle bygdefolket på, gjennom musikk, aktuelle foredrag og andre kulturuttrykk? Kvar konsert er ei gudsteneste, sa domkantor Mangersnes ein gong. Kyrkja kan vere meir enn eit rom for gudstenester, og gudstenester kan vere så mangt. Kyrkja er ein kulturberar, og kan framleis samle folket til kveik og auka samhald. Så kan kanskje otten for fråfallet få ha sin eigen plage, og vi kan opne opp for nye måtar å la Gud tale i huset sitt.

NMS fyller 175 år

I 1842 ble NMS (Det Norske Misjonsselskap) stiftet i Stavanger.

Det skal markeres i sommer med både sommerfest, generalforsamling og 175-årsjubileum.



ØNSKER ALLE VELKOMMEN: Generalsekretær Jeffrey Huseby, regionleder i Stavanger, Evy Torunn Nyvoll og leder for hovedkomiteen Helge S. Gaard. (Foto: Siv Ane Nerhus / NMS Info)

Temaet for årets sommerfest er «Grenseløst?», noe NMS begrunner med at «Guds kjærlighet er større enn den største synd, nåden er uten ende og kallet til å dele troen er grenseløst».

Det blir noen dager tettepakket med variert program i Stavanger. Tømm Kristiansen kåserer. Det blir musikk, humor og grenseløs energi med Heine Totland og Gisle Børge Styve.

Biskop Per Arne Dahl leder salmesang med Ole Paus og Helene Bøksle på Domkirkeplassen. Og sammen med korene Stavanger Gospel Company og Voice of Joy skal det synges til halsen blir sår. Det blir også humoristisk tilbakeblikk med humorgruppen «Galen i Halen» og forestillingen «Luther med latter». I løpet av sommerfesten skal NMS også drøfte sin strategiplan og velge nytt landsstyre.

Meld deg på ved å gå inn på www.nms.no/sommerfest – eller ta kontakt med NMS sitt infosenter på tlf. 51516100.

28. juni - 2. juli går NMS sin sommerfest og generalforsamling av stabelen i Stavanger Forum. Form og innhold er variert – men intensjonen den samme: Å dele det kristne fellesskapet med folk i alle aldre og fra ulike deler av Guds verdensvide kirke.

Kjære leser!

Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.



Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.

Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen
Bjørn Otto Aarheim,
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti.




Velkommen til Sommerfest

28. juni - 2. juli i Stavanger

Det blir musikk og humor med Heine Totland og Gisle Børge Styve. Tømm Kristiansen kåserer. Per Arne Dahl leder salmesang med bl.a. Ole Paus og Helene Bøksle. I tillegg blir det seminarer, møter og utflukter.

For påmelding:
www.nms.no/sommerfest
facebook.com/nmssommerfest



Med hjerte for flyktninger

Marit Bjørsvik er ofte innom Asylmottaket i Ytre Arna. Hun har god kontakt med mange av beboerne.

TEKST OG FOTO: AUDUN STØLÅS



FÅR GOD KONTAKT: Diakon Marit Bjørsvik bruker mye av sin arbeidstid på Asylmottaket i Ytre Arna. Shahriar til høyre og Himdad i midten bak.

Marit Bjørsvik (42) har i to år vært diakon i Ytre Arna menighet. Hun er ansatt i en 25 prosents stilling i Ytre Arna, men bruker nok mer tid til arbeidet blant flyktninger. I tillegg har hun en stilling som diakon i Haukås nærkirke.

Kontakten hennes med Asylmottaket i Ytre Arna begynte for om lag to år siden da hun oppsøkte språkkafeen. Etter hvert ble det arrangert en kulturfest på bedehuset i Ytre Arna for flyktninger og innvandrere.

Språkkafé hver tirsdag

Kulturfesten ble starten på et internasjonalt fellesskap arrangert i samarbeid mellom kirken og bedehuset. På disse kulturfestene var det for det meste norsk kultur som ble presentert for flyktningene. Det var barnekor og annen norsk kultur presentert på en folkelig og lett måte i en kristen ramme.

På bedehuset ble det også holdt internasjonalt alfakurs,

der flere av beboerne på Asylmottaket deltok. Flere av dem fikk på den måten deres første kunnskap om kristen tro. Det blir holdt språkkafe på Asylmottaket hver tirsdag ettermiddag. Det er KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid) som står bak språkkafeen. Det er også frivillige fra Ytre Arna og Indre Arna.

På en samling på språkkafeen kan det delta om lag 20 beboere og fem norske medhjelpere. Hensikten er at beboerne skal lære norsk. Det skjer i en lett atmosfære med høy sosial faktor.

Enkeltmenneskene viktigst

Som diakon har Marit Bjørsvik en fri rolle i forhold til språkkafeen. Hun snakker med flyktningene om det de ønsker å ta opp, og det kan være mange ulike ting. Marit kan gi råd om fremgangsmåte for de som skal søke om familiegjenforening. Hun snakker med personer som får avslag på sin asylsøknad. Hun må kunne litt om saksgangen, og hun henviser videre til rette instanser.

– Det er viktig å få en god kontakt. Vi må se alle som mennesker, som hele mennesker som også inkluderer deres religion. Det er viktig å ha respekt. Da blir man vist respekt tilbake, sier Marit.

Hun understreker at det for henne er viktig å se det enkelte menneske.

– Vi kan ikke bare behandle asylsøkerne som en gruppe. For meg er enkeltmenneskene viktigst, sier hun.

Som diakon kommer hun tett innpå en del av beboerne på mottaket. Over tid lærer hun dem å kjenne. Da kommer de mange nyansene frem. Dette er noe som gjør at de ikke kan behandles som en stor, kollektiv gruppe.

På glattcelle før utsendelse

Beboerne på mottaket har ulike problemer. Det er veldig mye venting for mange av dem. Ensomhet er et stort problem for mange. Marit prøver å lindre smerten. I høst ble hun intervjuet av avisen Dagen. Da fortalte hun om et tilfelle der en gutt fra Afghanistan ble hentet på ganske dramatisk vis av politiet på Asylmottaket tidlig en morgen. Han ble kjørt til politistasjonen i Bergen sentrum og satt på glattcelle for å bli sendt til Trandum for tvangsutsendelse fra Norge.

Marit og en annen person møtte opp på politistasjonen for å få et siste møte med ham og gi ham trøst i den vanskelige situasjonen. De to fikk møte gutten på et rom på politistasjonen, og de sang og ba for ham.

På Ytre Arna bedehus har det vært holdt alfakurs for flyktninger en gang. Dette er et innføringskurs i den kristne tro. Noen av dem som har deltatt på kurset, hadde ikke hørt det kristne budskapet før.

– Vi må sørge for at de som kommer på kurset trives der, sier Marit.

De fleste deltakerne er muslimer, noen er kristne. Enkelte har vært innom kirken etter alfakurset.

Ni år på Asylmottaket

På språkkafeen treffer vi Shahriar, opprinnelig fra Iran. Han kom til Norge som flyktning i 2009, og bodde på mottaket i Ytre Arna den første tiden. Nå bor og arbeider han i Indre Arna, og er aktiv i Arna menighet. Han deltar som frivillig medarbeider på språkkafeen.

Shahriar forteller at det var han som tok initiativet til alfakurset for flyktninger på bedehuset i Ytre Arna. Det gjorde han på grunn av de erfaringer han tidligere hadde hatt med slike kurs i Stavanger og Nærbø. Han forteller at han tok dette initiativet for at beboere på mottaket som var interessert i det, kunne få mer kjennskap til norsk kultur og kunnskap om kristendommen.

– I Norge har vi frihet til selvstendig å bestemme hvilken religion vi vil ha. Jeg synes det er viktig at flere blir kjent med kristendommen. Så kan de selv velge når de vet hva det går ut på. Det er mange som er interessert. Før var det ingen på mottaket som visste hvor bedehuset i Ytre Arna lå. Nå vet alle det, sier han.

Vi møter også Himdad (32), som kommer fra Kurdistan i Irak. Han har oppholdt seg på mottaket siden 2008, og har fått fire avslag på asylsøknaden. Han sier at han nå er i en fortvilet situasjon. Ikke kan han reise tilbake til hjemlandet, for der er det krig. Han kan heller ikke reise til et annet land, fordi han først kom til Norge. Og han får ikke lov til å arbeide i Norge.

Mesteparten av dagen bruker han til å sove, sier han. Han har ikke råd til advokat for å få videre hjelp, og han er bekymret for fremtiden. Det er mange av beboerne på Asylmottaket i Ytre Arna som er i samme situasjon som han.

FRIVILLIG PÅ SPRÅKKAFEEN: Lilian kom til Norge i 2006, og bodde i Singapore i tre år før hun vendte tilbake til Norge. Nå deltar ghaneseren på språkkafeen som frivillig for KIA en tirsdag i måneden, og bidrar til høy sosial faktor.



Abbedissen

begravelsesbyrå as



Fyllingsdalen Døgnvakt 55 15 40 90

Åsane Døgnvakt 55 25 31 00

TILLITEN TIL OSS VIL BLI GODT IVARETATT

www.abbedissen.no



Bergen & Omegn

BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN

Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA

2.etg på Shellstasjonen
Sortor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Åsane

Begravelsesbyrå

v/ Johannes R. Blom

55 18 90 00 Døgnvakt



E-post: aasane-b@online.no
TERTNESVEIEN 99 (Hildes Blomster AS)

Arna

GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging ved
begravelser og bisettelser.

Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen



Døgnvakt 55 24 08 08
www.arna-gravferdsbyraa.no
Lakslia 13 • 5261 Indre Arna

Koba Christensen

BEGRAVELSESBYRÅ

127 års erfaring - Din trygghet i en vanskelig tid.

- Gratis samtale i hjemmet
- Egen blomsteravdeling
- Alle prisklasser - forhandspris
- Gravmonumenter

Dreggsallm, 5003 Bergen **Telefon: 55 300 800** post@koba.no, www.koba.no

Dåp, konfirmasjon eller bryllup?

Vi har det du trenger for å dekke
ditt nydelige festbord!

Stort og unikt utvalg i norske håndlagde lys, servietter,
løpere, lysestaker, skåler, silkeblomster, bordkort m.m.

Fjøsangerveien 207
55 31 80 01

Løiten Lys Bergen

Løiten
Lys



www.loiten-lys-bergen.no

Åsane Senter Kilden Senter Oasen Senter Sletten Senter



Alltid en
anledning!



www.toppeblomster.no Tlf: 55 18 03 00

- fra hjerte til hjerte



TRE

BIBLER - BØKER - MUSIKK - FILM - KORT - GAVER

Åsane Storsenter 42 (rulletrapp opp fra Sport1)
TLF.: 55 19 82 00

Begravelsesbyrået for
byen og distriktet

Solstrands

Begravelsesbyrå as

www.solstrands.no
post@solstrands.no

DØGNVAKT • 55 55 16 16

Vår erfaring – din trygghet

Medlem av
VIRKE
GRAVFERD

FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåførere

Tlf. 92 26 66 33



JC

INTERIØR

Kjøkken • Bad • Garderobe

Salhusveien 55, 5131 Nyborg
Tlf. 55 53 98 40
www.jcinterior.no

Besøk en av Norges største shop in shop



LENE BJERRE DESIGN

Var reformasjonen ein føresetnad for demokrati og velferd?

I samband med at vi i år feirar at det er 500 år sidan Martin Luther spikra opp dei 95 tesene på kyrkjedøra i Wittenberg, blei spørsmålet i overskrifta stilt på ein konferanse i Bergen no i mars.

AV EDVIN BRATLI



STOD OPP MOT PAVEMAKTA: Den 15. juni 1520 kom pavebullen *Exurge Domine* frå pave Leo X, der han fordømte 41 læresetningar frå Martin Luthers skrifter. 10. desember same år brennde Luther demonstrativt bullen framom Elsterporten i Wittenberg. (Illustrasjon: Oljemåleri av Karl Aspelin, 1885)

Professorar frå fleire fagfelt freista å svare. Som interessert tilhøyrar sat eg igjen med at svaret på spørsmålet var JA. Arven etter Martin Luther, som vi har i den evangelisk-lutherske kyrkja, har medverka sterkt til det velferds-samfunnet og demokratiet vi har i dag. Her ligg vi langt framom katolske land og land som er dominerte av andre religionar.

Etter seks timar med foredrag, blir det berre nokre korte konklusjonar eg kan få plass til her. Mykje har skjedd på dei

siste 500 åra i verda. Vi har opplevd ei rivande utvikling innan utdanning, opplysning, landbruk, den industrielle revolusjon, helse og velferd for å nemne nokre hovudpunkt.

Luther si lære og arven etter han har festa seg mest i Nord-Europa, Nord-Amerika og Australia. I andre delar av verda er det katolikkane og dei gresk- og russiskortodokse som representerer kristendommen. Elles finn vi andre store religionar i Midtausten og Asia.

Martin Luther var oppteken av at folk sjølv skulle kunne lese i Bibelen. Då blei det viktig at dei læte å lese, og at Bibelen, eller delar av den og andre skrifter, blei trykt på eit språk dei forstod. I dag ser vi at folk i «lutherske» delar av verda har den høgaste utdanninga av alle.

Martin Luther kjempa mot pavemakta og eineveldet på fleire måtar. Innan jordbruk blei det difor viktig at bøndene skulle vere sjølvstendige, og ikkje underlagt store godseigarar. Denne fridomstanken slo og rot innan industriell utvikling, og i dag ser vi at utviklinga innan jordbruk, industri og dermed og innan økonomi er komen lengre i dei reformerte delane av verda.

Frå 1800-talet drog mange misjonærar ut i verda. Dei tok med seg mykje kunnskap om helsestell, utdanning og teknisk utvikling - som dei delte med innfødde der dei kom. Der det kom misjonærar frå Nord-Europa, er utviklinga komen lengre enn der misjonæranne frå katolske land drog ut.

Frå midten av 1800-talet fekk vi eit blomstrande organisasjonsliv innan dei fleste områder i samfunnet. Fleire tusen av desse var misjonsforeiningar. Her fekk ikkje minst kvinnene øving i styrearbeid og leiing. Organisasjonslivet var ein sterkt medverkande faktor i utviklinga av både demokratiet og velferdsordningar vi fekk, og som er langt betre enn i dei fleste andre delar av verda. Kvinnene kom og meir fram i lyset, og fekk ta del i heile samfunnsstrukturen.

Med hjarte i Nepal

Som lita jente var Hildegunn Aase brevven med ei norsk jente i Nepal. Slik starta eit engasjement for landet som så langt har resultert i bryllupsreise i 2009, og sju vekers familietur våren 2016.

TEKST: HELEN TOPPE



SAMAN MED GODE VENER I BHAKTAPUR: Nepalsk gjestfridom varma norske hjarter og skapte nye venskap. (Foto: Privat utlån)

Medan nordmenn flest tenkte påskefjell og skitur, reiste Flaktveit-familien Odd Magne og Hildegunn Aase med borna Ella (6 år) og Amund (3 år) til sitt andre heimland og fekk oppleve landet under turistoverflata. Hildegunn og Odd Magne ønsker å gje borna ein større horisont og eit hjarte for alle som ikkje har same mulighet til liv og vekst som vi har i Norge.

Nepal har lenge vore prega av politisk uro, korrupsjon og store jordskjelv. Folk er generelt fattige. Etter det store jordskjelvet i april 2015, ventar framleis mange på den lova støtta frå staten til gjenoppbygging av hus.

Lovsong i gatene

Hinduismen er dominerande, og trass lovleg religionsfridom, er det ikkje lov å skifte religion. Nyleg vart sju kristne arresterte, skulda for å fortelje om Jesus til born. Dei er no sett fri då det viste seg at dei ikkje hadde gjort noko ulovleg.

Hildegunn og Odd Magne fortel likevel om eit synleg kristent engasjement i landet. Dei vakna første påskedag i Kathmandu til lovsong i gatene. Kristne frå ulike kyrkjer, frå alle bydelar, samt distrikta rundt hovudstaden valfarta inn til friluftsgudsteneste på ein idrettsstadion i byen. Uoffisielle tal seier det var 20.000 menneske tilstades.

Det finst mange kristne kyrkjelydar, utdanningsinstitusjonar og sjukehus innimellom den hinduistiske dominansen. Kvar laurdag (offisiell fridag) høyrde dei song i mange timar frå kyrkja over gata frå gjestehuset der familien budde.

I løpet av dei sju vekene vart familien Aase godt kjende med folka dei møtte. Sjøføren dei brukte på den elleve dagar lange «ferieturen» var både hindu og buddhist. Dette er ikkje uvanleg i Nepal. Han fortalde om sonen sin som var sjuk. Foreldra hadde teke han med til tempelet der presten ved hjelp av astrologi bad dei ofre til apeguden for at guten skulle bli frisk.



MISTA ALT I JORDSKJELVET: Kjøkenhuset som er blitt reist for nokre av pengane som blei samla inn til guidens familie.

Det gjorde stort inntrykk på Hildegunn og Odd Magne å høyre korleis foreldra gjorde alt dei kunne for å tilfredsstilla gudane. Dei viste høg moral, og var avhengig av trua si for å overleve fattigdommen og nauda. Men det vart aldri godt nok. Dei måtte konstant jobbe for å halde seg inne med gudane. For Hildegunn og Odd Magne vart det ei viktig påminning om kva dei har i Jesus, om fridomen og barneåret. Dei såg sprengkrafta i bibelvers som det vi finn i Salme 23: «Han lar meg ligge i grøne enger, han leier meg til vatn der eg finn kvile».

Bur i eit blikkskur

Med sjåføren køyrde dei vestover til fjellbyen Tansen. Der fekk dei besøke sjukehuset med mottoet «We serve, Jesus heals». Hit kom jordmor Ingeborg Skjervheim ridande i 1955 og gjorde ein imponerande innsats med helseopplæring og fødselshjelp. Hildegunn hadde lest boka om misjonæren frå Ål i Hallingdalen, og fekk no sjå resultatane med egne auge. Ho anbefaler alle å lese boka Mor til tusen av Mirjam Bergh.



SJUKEHUSET I TANSAN: Hit kom jordmor Ingeborg Skjervheim ridande i 1955 og gjorde ein imponerande innsats med helseopplæring og fødselshjelp.

Då Hildegunn og Odd Magne var i Nepal på bryllupsreise, hadde dei eigen guide. Dei har halde kontakten med han desse åra. Då jordskjelvet råka i fjor, mista han huset og alt han eigde, men han og familien overlevde. Han fortalde at då huset fall saman, stod dei to sønene hans i dørøpninga, 12-åringen bøygd over 10-åringen for å redde han. Etter månader under presenning, bur dei i dag i eit blikkskur. Familien Aase har samla inn pengar til nytt hus blant vener, familie og kollegaer. No står det eit kjøkkenhus ferdig.

Familien Aase fekk besøke denne familien utanfor Kathmandu. Dårleg veg gjorde at dei måtte gå siste bit av vegen. Her vart dei møtt av heile landsbyen. Nepalsk gjestfridom varma norske hjarter og skapte nye venskap. Hildegunn og Ella vart tekne med til skreddaren og fekk sydd tradisjonelle jakker. Amund åt, til foreldra si store overrasking, kylling og linsesuppe. Han åt seg inn i vertane og spesielt bestemora sine hjarte. Dei hadde diska opp med det beste dei hadde.

Underviste lærarane

Hildegunn er førskulelærar, og fekk besøke ein Montessori-skule for 2-8-åringar. Pedagogisk kunnskap er mangelfull i Nepal, og lærarane på denne skulen tok imot input med glede. Hildegunn fekk undervise om læring gjennom lek og lage eit leikemiljø der ho viste ideane i praksis. Dette fekk ho også gjere på ein lærarskule for barnehage og småtrinnet.

Dei sju vekene i Nepal har sett spor i fire norske hjarte. Horisonten er utvida, hjartene varmare og innsikta større. Kontrastane skjerpar sansane og etterlet seg takksemnd. Hildegunn og Odd Magne ber med seg heim dette fargerike, varme og gjestfrie folket i hjartene. Deira ønske er at venene i Nepal skal få kjenne at dei er elska som dei er, at det er nok det Jesus gjorde på korset, at dei treng ikkje tilfredsstilla gudane lenger.

Fakta

Nepal



INNEKLEMT FJELLAND: Nepal ligg «inneklemt» mellom India i sør og Tibet i nord.

- Innbyggjartal: 31,5 millionar (2015)
- Religion: Hinduisme (81,5 prosent), buddhisme (9 prosent), islam (4,4 prosent), kirantisme (3 prosent), kristendom (1,4 prosent), animisme (0,4 prosent)
- Jordskjelva som råka landet i april og mai 2015 drepte nesten 12500 menneske, skada 22.000 og gjorde 3,5 millionar av innbyggjarane heimlause.

Bygger barnetro med Biblo-klosser

Etter at Legos patent på de karakteristiske byggeklossene gikk ut i 2011, er det fritt frem for å sette i gang egen produksjon med den tematikken en måtte ønske. Nettopp det har Åsane menighets Kristian Mellingen gjort, under navnet «Biblo».

AV KAROLINE ROSSGÅRD SALHUS



LEVERER TIL HELE LANDET: Biblo er Lego med Bibel-tematikk. Kristian Mellingen, som står bak produktet, opplever god etterspørsel fra menigheter i hele landet. (Foto: Biblo)

Byggesettet med den barmhjertige samaritan som tema er nå en del av trosopplæringen «TilTro» i Åsane menighet, og ble prøvet ut som tiltak for første gang i mars.

– Biblo er laget for å gjøre bibelhistorier mer tilgjengelige for aktive barn. Når de har hørt historien og bygget ferdig Biblo-settet, er de blitt kjent med handlingen og personene på en helt ny måte, og da sitter det godt i hukommelsen, forklarer Kristian Mellingen.

Biblobygging og foreldreseminar

Ideen bygger på det enkle prinsippet at en lærer best gjennom å bli engasjert. For barn gjelder det å ikke bare sitte stille, men å få bruke hendene, bygge, observere og leve seg inn i historien. Hvert byggesett inneholder brikker, figurer og et hefte som har både bibelteksten, en samtalestarter og byggeinstruksjoner.

Som en del av trosopplæringen TilTro var alle syvåringer i Åsane menighet nylig invitert til å lære om nestekjærlighet og medmenneskelighet gjennom Biblo. Dette var en kombinasjon av byggesamling for barna og seminar for foreldre. I år hadde de besøk av en representant fra IKO (Kirkelig pedagogisk senter), som sammen med foreldrene hadde workshop om fortelling og formidling til barneskolebarn. 12 enga-





